



Arkivnr: 2016/5123-6

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Stein Ottosen, Gunnbjørg Austrheim, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016
Fylkesutvalet		20.10.2016

Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen. Strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Saka gjeld fråsegn frå Hordaland fylkeskommune på Jernbaneverket sin forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Høyningsfrist er 1. november.

I sin heilskap går Rallarvegen gjennom Hol, Ulvik og Aurland kommunar og Buskerud, Hordaland og Sogn & Fjordane fylkeskommunar.

Strekninga som forvaltningsplanen omfattar ligg i Ulvik og Aurland kommunar, såleis Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Rallarvegen er eit kulturminne frå tidleg på 1900-talet. Enkelt bygg er freda, medan vegen er omfatta av reguleringsplanar. Jernbaneverket er eigar av Rallarvegen. Fylkeskommunen er kulturminnemynde.

Utarbeidning av ein forvaltningsplan er i tråd med kongelig resolusjon frå september 2006 om at det skal lagast landsverneplanar for statens kulturhistoriske eigedomar og forvaltningsplanar for kvar enkelt eigedom. I motsetnad til bygningar i kommunalt eller privat eige blei ikkje statleg eigedom formelt freda då vi fekk bygningsfredingslova i 1920. I staden vart det sett føre at staten gjennom eit statlig administrativt vern skulle vere eit godt døme for resten av nasjonen ved å ta vare på dei antikvariske verdiene på sin eigedom. Dette er eit prinsipp som ligg til grunn for all forvalting av statleg eigedom. For Hordaland fylkeskommune er forvaltningsplanen viktig. Den tydeleggjer og set på dagsordenen dei ulike behov som er knytt til Rallarvegen som kulturminne og bruken av den. Hordaland fylkeskommunen er positiv til å vere ei samarbeidspartner, men det økonomiske tillegg staten. For fleire av oppfølgingstiltaka er fylkeskommunen tenkt ei aktiv rolle.

Forvaltningsplanen legg mellom anna føringar for forvalting av kulturminne med omsyn til restaureringstiltak og vedlikehald, ansvarsfordeling og omsyn til andre planar, veghistorie og bruk av vegen i dag.

Hordaland fylkeskommune har ei rolle som samarbeidspart i dag. I tillegg til å vere kulturminnemynde, har fylkeskommunen nestleiar og sekretariatsfunksjon i Rallarvegrådet. Dette rådet er eit konsensusorgan med oppgåve å samordne dei ulike interessene knytt til Rallarvegen. Kva oppgåver og rolle Rallarvegrådet er tenkt framover i oppfølging av planar, er noko som bør konkretiserast meir. I sak PS 115/2016, Utval for Kultur, idrett og regional utvikling, møtedato 14. 09. 2016, ga fylkeskommunen positivt svar på spørsmål frå Jernbaneverket om å koordinere arbeidet med ein formidlingsplan i samarbeid med Jernbaneverket, Buskerud og Sogn & Fjordane fylkeskommunar. I saka vart medfinansiering av formidlinga frå Jernbaneverket understreka.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til Jernbaneverket sitt framlegg til *Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal*.
2. Fylkesutvalet ser at kommunar og fylke er utelatt i kart, bildetekst og anna referanse. Slik informasjon bør kome med i den endelige versjonen. Det vil gjere planen lettare tilgjengeleg og søkbar.
3. Hordaland fylkeskommune ser at det er utfordringar knytt til berekraftig bruk av vegen, og meiner det kan vere grunnlag for innhenting av årlege tal for motorløyve og sykkelbruk, slik at mellom anna vedlikehald, slitasje og verknad for villrein kan studerast over tid.
4. Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for ein aktiv strategi for å engasjere samarbeidspartnarar.
5. En legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.
6. Rallarvegrådet sine oppgåver og innhald må sjåast nærmere på, slik at det vert klårt kva oppgåver og rolle rådet skal/kan ha med omsyn til planarbeid og oppfølging av planane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.09.2016

Saka gjeld fråsegn frå Hordaland fylkeskommune på Jernbaneverket sin forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Høyringsfrist er 1. november. I sin heilskap går Rallarvegen gjennom Hol, Ulvik og Aurland kommunar og Buskerud, Hordaland og Sogn & Fjordane fylkeskommunar.

Strekninga som forvaltningsplanen omfattar ligg i Ulvik og Aurland kommunar, såleis Hordaland og Sogn & Fjordane fylkeskommunar.

Rallarvegen er eit kulturminne frå tidleg på 1900-talet. Enkelt bygg er freda, medan vegen som heilskap er omfatta av reguleringsplanar. Som eigar har Jernbaneverket ansvar for vedlikehald, medan fylkeskommunen er kulturminnemynde.

For Hordaland fylkeskommune er forvaltningsplanen viktig. Den tydeleggjer og set på dagsorden dei ulike behov som er knytt til Rallarvegen som kulturminne og bruken av den. For fleire av oppfølgingstiltaka er fylkeskommunen tenkt ei aktiv rolle.

Om forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen legg føringar for forvalting av kulturminne med omsyn til restaureringstiltak og vedlikehald, ansvarsfordeling og omsyn til andre planar, veghistorie og bruk av vegen i dag. Ein forvaltningsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, slik at juridiske føringar for vern og bruk må heimlast i kulturminnelov eller plan- og bygningslov. Formålet med forvaltningsplanen er å ivareta Rallarvegen som kulturminne og del av kulturlandskapet. Ein skal ha på plass forpliktande samarbeid mellom grunneigarar, interesserar og aktørar lokalt og nasjonalt for å oppnå måla. Forvaltningsplanen skal utdjupe føremålet med reguleringa, og vere eit retningsgivande dokument i samband med fortolking av konklusjonane i forvaltningsplanen, gjennomføring av tiltak som tar sikte på å verne om og legge til rette for bruk av området, seinare plan- og byggjesaksbehandling i medhald av plan- og bygningsloven.

Utarbeidning av ein forvaltningsplan er i tråd med kongelig resolusjon frå september 2006 om at det skal lagast landsverneplanar for statens kulturhistoriske eigedomar og forvaltningsplanar for kvar enkelt eigedom. I motsetnad til bygningar i kommunalt eller privat eige blei ikkje statleg eigedom formelt freda då vi fekk bygningsfredingslova i 1920. I staden vart det sett føre at staten gjennom eit statlig administrativt vern skulle vere eit godt døme for resten av nasjonen ved å ta vare på dei antikvariske verdiane på sin eigedom. Dette er eit prinsipp som ligg til grunn for all forvalting av statleg eigedom. Hordaland fylkeskommunen er positiv til å vere ei samarbeidspartner, med det økonomiske tillegg staten. Dette er grunnprinsippet for Statens landsverneplaner.

Ein har særleg merka seg punkt 7.2, s. 38, om finansiering:

«Dei siste 10-15 åra er det Jernbaneverket som har finansiert opprusting og vedlikehald av Rallarvegen. Det er naturleg at andre interesserar også deltar økonomisk, kommunar og fylkeskommunar, reiselivsbedrifter og andre.»

Fylkesrådmannen vil understreke det økonomiske ansvar Jernbaneverket har som eigar også i framtida.

Rallarvegrådet

Rallarvegrådet er omhandla på s. 10 i planforslaget. I tillegg til å vere kulturminnemynde, har fylkeskommunen nestleiar og sekretariatsfunksjon i Rallarvegrådet. Dette rådet er eit konsensusorgan med oppgåve å samordne dei ulike interessene knytt til Rallarvegen. Med i rådet er Buskerud, Sogn & Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, fylkesmannsembeta i dei dei tre fylka, kommunane Hol, Aurland og Ulvik, Jernbaneverket, Finse 1222, DNT Finsehytta, Haugastøl turistsenter, Rallarmuseet, Statens naturoppsyne, Ulvik fjellstyre. Kva oppgåver og rolle Rallarvegrådet er tenkt framover i utarbeidning av planar og oppfølging av planar, er også noko som kan konkretiserast meir i oppfølging av forvaltningsplanen. Korleis skal til

dømes drift av Rallarvegrådet finansierast? Ein viser i denne samanheng også til samandraget på s. 3, der det vert peikt på at Rallarvegrådet er tiltenkt ei viktig, koordinerande rolle.

Formidlingsplan

Forvaltningsplanen for Rallarvegen langs Bergensbanen innehold forslag om oppdatering av reguleringsplan for Finse og Finse-Lågheller, utarbeiding av skjøtselsplan for Rallarvegen, utarbeiding av formidlingsplan og utarbeiding av forvaltningsplan Rallarvegmuseet.

Formidlingsplanen er handsama i punkt 7.6, s. 39. Det er særleg med omsyn til formidlingsplan at Hordaland fylkeskommune er tenkt ei aktiv rolle, både som eigar av planen saman med dei andre fylkeskommunane og Jernbaneverket, som ansvarleg for gjennomføring av tiltaket saman med dei andre fylkeskommunane, Rallarmuseet, Norsk Jernbanemuseum, Rallarvegrådet, Finse forskningssenter, Reiselivet og Jernbaneverket, og som ansvarleg for finansiering saman med dei andre fylkeskommunane, Reiselivet og Jernbaneverket.

I sak PS 115/2016, utval for Kultur, idrett og regional utvikling, ga fylkeskommunen svar på spørsmål frå Jernbaneverket om å koordinere arbeidet med ein formidlingsplan. Arbeidet med planen skal skje i samarbeid med Jernbaneverket, Buskerud og Sogn & Fjordane fylkeskommunar. Fylkeskommunen har sagt seg positiv til dette. Det er eit innspel til forvaltningsplanen som heilskap, nemleg at dei ulike brukarinteressene og forvaltningsnivåa, deltek aktivt. I saka ga fylkeskommunen uttrykk for at tiltaksdelen i formidlingsplanen ville konkretisere ansvar mellom aktørane og korleis ei finansiering av tiltaka skulle/kunne skje. Hordaland fylkeskommune har ikkje sett av midlar til formidling av Rallarvegen. Det betyr til dømes at arbeidet med sjølve formidlingsplanen må skje gjennom allokering av interne ressursar. Vedtakspunkt 4 i sak 115/2016 har følgjande innhald: «Utval for Kultur, idrett og regional utvikling føreset at det vert medfinansiering av formidlinga frå Jernbaneverket.»

Regionale og lokale planar

Rallarvegen er omfatta av fleire regionale og lokale reguleringsplanar. Regional plan for Hardangervidda 2011-2025 vart vedteken i 2011 av fylkestinga i Hordaland, Telemark og Buskerud. Regional plan for Nordfjella med Raudfjella 2014-2025 vart vedteken av fylkestinga i Buskerud, Hordaland og Sogn & Fjordane i 2014. I kommuneplan for Ulvik Herad 1999-2009 ligg Rallarvegen i LNF-område. I kommuneplan for Hol kommune 2014-2025 ligg Rallarvegen i område for landbruk- natur- og friluftsområde. Den ligg også i omsynssone for naturmiljø. I kommuneplan for Aurland kommune 2008-2020 ligg Rallarvegen i område regulert til LNF-område. Reguleringsplan for Finse og reguleringsplan for Finse-Lågheller omfattar Rallarvegen. I begge er Rallarvegen regulert til område for kulturminne.

Planane skal sikre mangfold og berekraftig bruk ut frå villreinens interesser, kulturminneverdiar, næringsverksamhet, sikre tilgang til område for friluftsinteresser, grunneigarar og ålmenta. Fleire hus på strekninga Finse-Myrdal-Kårdal er verna.

Skjøtsel og vedlikehald av Rallarvegen

I forvaltningsplanen vert det understreka at det er avgjerande å ta vare på vegen og skåne han for unødig belasting og slitasje. Motorisert ferdsel må avgrensast mest mogleg og istrandsetjing og vedlikehald må skje etter strenge, antikvariske prinsipp.

Det er allereie etablert praksis for skjøtsel og vedlikehald av Rallarvegen gjennom fleire år. Det ein saknar er ei vurdering av erfaringar frå slik skjøtsel og vedlikehald med omsyn til behov og resultat. Dette har samanheng med bruken av vegen frå nyttekøyring og syklistar.

Sjølv om Rallarvegen skal vere bilfri, gir Jernbaneverket kvart år løyve til nyttekøyring på vegen med mindre bilar. I forvaltningsplanen står det at eksisterande bruk bør vurderast fortløpende, men at den kan oppretthaldast så lenge det ikkje medfører urimeleg slitasje og skadar på byggverket. Kor mange løyve som vert gitt kvart år og om dette har vore i endring, kjem ikkje fram. Mellom 22 000 og 25 000 syklistar nyttar

Rallarvegen kvar sommar. For reiselivsnæringa betyr Rallarvegen mykje. I forvaltingsplanen vert det vist til at vegen genererer omsetning for reiselivsnæringa på 30 mill. kr. kvart år.

Hordaland fylkeskommune vil understreke behovet for innhenting av årlege tal for bil-løyve og tal på syklistar/andre som nyttar området. For å få til målet om god berekraftig bruk av Rallarvegen, er slike data eit nyttig reiskap.

I punkt 7.8 vert forslag til oppfølging av skjøtsel og vedlikehald presentert. Fylkeskommunane og Jernbaneverket er ansvarlege for gjennomføring av felles skiltplan og informasjonsbrosjyrar. Fylkeskommunane, kommunane, jernbaneverket og reiselivsverksemdane er ansvarlege for finansiering. Kva som ligg i omgrepet finansiering må presiserast. Er det til dømes tenkt at dei nemnde institusjonane skal finansiere tiltaka, eller skal dei ha ansvar for at tiltaka vert finansiert gjennom utarbeidning av prosjektsøknader til ulike tilskotsordningar.